

Utdannings- og forskingsdepartementet
Postboks 8119 Dep
0032 Oslo

BIBSYS - framtidig organisering og oppgaver

Høyringsuttale

Rapporten verkar grundig og løysingsretta. HVO har ingen merknad til dei 3 første kapitla. I kapittel 4 er BIBSYS innleiingsvis framheva som eit viktig samarbeidsprosjekt for medlemsinstitusjonane. Vi støttar fullt ut denne utsegna. Det er utenkjeleg at biblioteka i universitets- og høgskulesektoren kunne hatt den kvaliteten dei har i dag utan BIBSYS eller eit liknande samarbeidsprosjekt. Denne erkjenninga bør ligge til grunn også for vidare utvikling av BIBSYS.

HVO støttar synspunkta i rapporten om at BIBSYS treng modernisering og fornying. Spesielt er det viktig å utvikle betre løysingar for handtering av elektroniske ressursar. Vi støttar også utgreiinga i at BIBSYS i større grad bør kjøpe produkt i staden for å satse på eigenutvikling i same grad som no. Erfaring viser at produktutviklinga går for seint om alt skal eigenutviklast.

Vi stiller oss samtidig noko spørjande til grunnlaget gruppa uttalar seg på når omgrepa "modernisering" og "gammaldags" blir brukt. Å referere til medarbeidarar som har opplevd ting anleis og betre i folkebiblioteka er for tynt. Ei jamføring mellom system er interessant, men skal det gjerast må andre og langt grundigare undersøkingar gjennomførast. Vi støttar rapporten i at fordeler og ulemper ved å skifte ut det noverande biblioteksystemet med eit nytt system blir vurdert.

Utvalet slår fast at beslutningsstrukturen i BIBSYS ikkje fungerer godt nok. Det er vi samde i, men meiner at framlegget i for sterk grad svekkar brukarmedverknaden til eigarbiblioteka. Det må vere mogleg å få eit meir beslutningsdyktig BIBSYS og samtidig behalde ei sterkare grad av brukarmedverknad enn det framlegget legg opp til.

Vi er samde i at BIBSYS råd verkar å ha utspelt si rolle. Å erstatte det med informasjons- og drøftingsfora verkar fornuftig.

Utvalet foreslår også å legge ned referansegruppene, og bygg m.a. på synspunkt frå eigarbibliotek om at det er uklart kven deltakarane i referansegruppene representerer. Underforstått: det burde vere eigen institusjon. Etter vårt syn konstruerer ein her eit kunstig skilje mellom eigeninteresse og fellesinteresse. Referansegruppene har m.a. ei kontinuerleg rolle i kvalitetsutviklinga av BIBSYS som ikkje bør undervurderast. I staden for å legge

ned referansegruppene bør ein etter vårt syn tenkje nytt kring samansetjing og mandat for gruppene.

Utvalet meiner det er behov for ei profesjonalisering av styrefunksjonen, og set dette opp i mot eit styre som bygg på representativitet. Vi har vanskar med å sjå at ein i ein samarbeidstiltak som BIBSYS kan ha eit styre som ikkje langt på veg er representativt i forhold til eigarbiblioteka. Det bør vere muleg å sameine behova for profesjonalitet og representativitet på ein betre måte enn tilfellet synest å vere i dag. Det manglar ikkje på kompetente personar i eigarinstitusjonane anten det meir gjeld bibliotekfagleg, teknisk eller økonomisk kompetanse.

Utvalet viser til at Bibsys står framfor store utfordringar knytte til styring og finansiering, og går inn for at BIBSYS endrar organisasjonform til aksjeselskap for betre å kunne møte desse utfordringane. Samtidig gir ein uttrykk for at noverande organisasjonsmodell har fungert godt.


Høgskulen i Volda er samd med utvalet i at den at den noverande organisasjonsforma har fungert rimeleg godt, og meiner at dei forvaltningsmessige oppgåvene i BIBSYS har og kan få i framtida er eit godt argument for å videreføre ei liknandne organisasjonsform. Vi trur at ei større omorganisering kan medføre bruk av energi og ressursar som heller burde kanalisert mot faglege utfordringar. Vi er samde i at desse utfordringane er store, men ser ikkje at utvalet argumenterer overtydande for at ein aksjemodell betre vil ivareta BIBSYS sine oppgåver enn ein modell der BIBSYS er organisert som eit §18-tiltak. Vi trur at den siste modellen best vil sikre at fellesløyseingae blir i fokus i BIBSYS sitt arbeid.


Utvalet foreslår i kapittel 5.8 at "deler av BIBSYS' basisoppgaver defineres som en del av en nasjonal infrastruktur som finansieres direkte fra sentrale myndigheter". HVO støttar utvalet i dette. Med ei slik basisfinansiering kan det speleromet utvalet etterlyser bli ein realitet utan at fellesskapet treng å bli skadelidande.

Bibsys har tydelege strukturelle problem også i dag. Samarbeidsmodellen, som i eit litt større perspektiv har gitt gode bibliotek, er under press. Vi er redd aksjeselskap som styringsform vil forsterke denne utviklinga. I kapittel 4.4 er det frå universitetsbiblioteka vist til at dei bidreg med meir enn 40 % av finansieringa av Bibsys og av den grunn "savner en arena å agere på som gir reell innflytelse". Ut frå same tankegang kan ein hevde at høgskulane som også bidreg med 40 % bør få ein slik arena. Heller enn å markere behov for åleinegang bør desse tala fortelje oss at saman er vi dobbelt så sterke.

Bibliotek er eit område som i uvanleg sterk grad profitterer på samarbeid og fellesløyseingar. Etter vårt syn burde dette perspektivet vore vektlagt sterkare og klarare i utvalet sine konklusjonar.

Med helsing


Gunnar Stave
Rektor


Jakob Kjode jr.
direktor